

Skjåk Almenning
2690 Skjåk

Melding om vedtak

Vår ref
2012/1/60/K01

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
20.01.2013

Søknad om motorferdsel i utmark - Skjåk Almenning

Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 10.01.2013

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Skjåk Almenning følgjande løyve for 2013:

- 1) Transport av ved, gass og utstyr til buer, tur/retur av båt, transport av prøvegarnserie til naust, vedlikehald av buer, transport av arbeidsfolk (snikkar), gjeld køyring i NP/LVO/LNF.

Heimel:

Motorferdsselforskrifta § 5a.

Naturmangfaldlova § 48

Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 1.3 a og b) samt 6.3.b)

Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 1.3. a og b) samt 5.3.b)

- 2) Utkøyning og planting av settefisk, gjeld i LNF/NP/LVO område.

Heimel:

Motorferdsselforskrifta § 6.

Naturmangfaldlova § 48

Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 3.3 a

Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 3.1.

Løyve gjeld dei tiltaka og det antal turar som er lista opp i tabell 1.

Vilkår:

1. Det blir sett krav om at tiltakshavar koordinerer alle transportoppdrag på beste måte.
 2. Antal turar er absolutt maksimum og der det er praktisk mogleg bør fleire oppdrag gjennomførast på same tur, sjølv om trase til ein viss grad må avvikast.
 3. Turane skal foregå etter dei trasear som er skissert i detalj i søknaden, om ikkje vær og føre gjer det naudsynt å avvike frå desse.
 4. All køyring skal skje så skånsamt som råd, med tanke på natur og miljø.
 5. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
 6. SNO v/Per Olav Haugen skal varslast i forkant av køyringa til tlf: 97057213.
 7. All transport skal vere avslutta innan 22. april 2013.
 8. Det skal først køyrebok som blir utfylt på førehand og som følgjer med under køyringa. Forvaltningstyresmakta skal ha køyreboka til gjennomsyn innan 5.juni 2013.
- For dei tiltaka som er planlagt innan Breheimen NP er det naudsynt med løyve frå vernemynda for Breheimen.

*Vedtaket kan påklagast til **Direktoratet for naturforvaltning**. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristens utløp.*

Klagen skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som er ynskt, og dei grunner du vil anføre for klaga. Dersom du klagar så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgjeva når denne meldinga kjem frem.

Med helsing




Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lom kommune
Vågå kommune

Lesja kommune
Norrdal kommune
Rauma kommune
SNO-Skjåk



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Arkivsak: 2012/1-59

Arkiv: K01

Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

Dato: 30.11.2012

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
4/13	Miljø- og næringsutvalet	10.01.2013

Søknad om motorferdsel i utmark - Skjåk Almenning

Saksutgreiing

Skjåk Almenning søker om løyve til å nytte snøscooter i utmark til å gjennomføre eindel formål innan Reinheimen nasjonalpark (RNP), Ottadalen landskapsvernområde (OLVO), Breheimen nasjonalpark (BNP) og elles i LNF-område i Skjåk kommune. Bakgrunnen er at almenninga har eit reelt behov for transport som er godt dokumentert i søknaden.

I tillegg søker Skjåk Almenning om å sette ut fisk av stadeigen stamme i ulike vatn innanfor verneområde.

Kommunen vil vurdere søknaden både i høve til motorferdsellovverket og i forhold til verneforskriftene for Reinheimen NP og Ottadalen LVO.

I tillegg må ein del av tiltaka handsamast av Forvaltningsstyret for Breheimen som har delegert forvaltningsmynde for Breheimen NP.

Dei enkelte kategoriane det blir søkt om er:

1. Transport av ved, gass og utstyr til buer, tur/retur av båt, transport av prøvegarnserie til naust, vedlikehald av buer, transport av arbeidsfolk (snikkar), gjeld køyring i NP/LVO/LNF.
2. Utkøyring og planting av settefisk, gjeld i NP/LVO/LNF.

Tabell 1: Oversikt over oppdrag som krev løyve til motorferdsel i utmark i regi av Skjåk Almenning:

Nr	Bu	Område	Oppdrag	Søknads-kategori	Kombi-nerast med oppdrag nr	Tal på turar med snø-scooter	Tal på snø-scooter pr tur	Køyrerute / Landingsplass
1	Storhøbu	RNP + OLVO + LNF	Propan, utstyr, settefisk, prøvegarnserie	1, 2		1	2	Lykrelia-Vikhø-Aursjoen-Dammen-Storhøbue - Leirungsvatnet
2	Storvassbue	RNP	Ved, utstyr, beis	1		2	1	Torbakken-langs Føysa-Storvatnet
3	Skarvedalshytta	RNP	Ved, utstyr, beis	1		2	1	Torbakken-langs Føysa-Skarvedalen
4	Grønvasbu	LNF	Ved, utstyr, beis	1		1	1	Hamsevika-Vulustrupen-Grønvatnet
5	Kvitberghytta	LNF	Ved, utstyr, nedfrakt materialar etter uværet "Dagmar", nedfrakt båt	1		2	1	Hamsevika-Hamsedalen-Kvitberg
6	Sottjønnbue	BNP	Ved, utstyr, nedfrakt båt, transport ny båt	1		2	1	Sota-Sotlie-Sottjønnbue
7	Sauhytta	BNP	Ved, utstyr, settefisk	1, 2	14	1	2	Skjellom-Gjuvtjønne-Steinflø-Holåe-framover dalen-Lundadalsvatnet
8	Glitterbu	BNP	Ved, utstyr, nedfrakt materialar	1		2	1	Grotli-Huguvardstjønna-Glittervatnet
9	Grønstorbu	BNP + LNF	Ved, utstyr, materialar til isolasjon, kledning, nyttgolv, persontransport snikkarar	1		8	1	Tundradalsvegen-Tundradalsseter-innover Tundrdalen (Alt: frå Sota)
10	Tverråhytta	RNP + LNF	Ved, utstyr, båt	1		1		Billingen-Tordalen-Torsvatnet
11	Sveinbu	OLVO + LNF	Ved, ovn, utstyr	1		1		Lykrelia-Vikhø-Sveinbu
12	Leirungsvatnet	RNP + OLVO + LNF	Settefisk	2	1			Vikhø-Aursjoen-Leirungsvatnet
13	Torsvatnet, Fieldfartjønne, Kupevatnet	RNP + LNF	Settefisk	2		1	2	Billingen-Tordalen-Torsvatnet-Kupevatnet-Veltdalen (Alt: Torbakken-Langvasslågån-Torsvatnet)
14	Gjuvtjønnen og Lundadalsvatnet	BNP	Settefisk	2	7			
	Sum					24		



Skjåk kommune

Plan, samfunn og miljø

Vurdering

- 1) **Transport av ved, gass og utstyr til buer, tur/retur av båt, transport av prøvegarnserie til naust, vedlikehold av buer, transport av arbeidsfolk (snikkar), gjeld kjøring i NP/LVO/LNF.**

Skjåk Almenning driv aktivt innan utmarksnæring og har i alt 12 almenningsbuer i fjellet som ikkje ligg i nærleiken av bilveg. Buene er viktig for folk som driv jakt, fiske, friluftsliv, oppsyn og tilsyn av beitedyr. Buene har blitt meir aktivt marknadsført i dei siste åra, ein ventar auka bruk framover. Administrasjonen meiner buene er eit viktig tilbod og at transport til desse bør prioriterast.

I Skjåk er det gjeve løyve til nokre få leigekøyrarar for å drive transport for private. Spørsmålet blir da om allmenningen skal bruke desse eller få heimel til å køyre av eige tiltak. Almeninga sjølv legg i brevet sit vekt på at dei har ei rekke forskjellige oppdrag som skal dekkast. Ved å kombinere desse oppdraga vil dei klare å gjennomføre dei mest effektivt. Administrasjonen meiner at Skjåk Almenning bør få heimel til slik kjøring av eige tiltak.

Motorferdsel

Det trengst dispensasjon frå nasjonal forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5a.:

§ 5a. Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av motorkjøretøy til transport av materiell og utstyr i forbindelse med utmarksnæring. Som utmarksnæring regnes drift av utleiehytter, næringsmessig høsting av naturgoder, turist- og reiselivsnæring, leting og undersøkelse av mineralske ressurser mv., forutsatt at virksomheten er registrert i Enhetsregisteret.

Det trengst dispensasjon frå forskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3.b):

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Bruk av beltegåande kjøretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøring av båt.

Det trengst dispensasjon frå forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3.b):

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.

Sidan verneforskrifta ikkje opnar for transport av arbeidsfolk verken direkte eller etter søknad må denne saka vurderast etter §48 i naturmangfaldlova:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Postadresse

2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside

www.skjaak.kommune.no

Telefon

61217000

Telefaks

61217001

Bank

2085.07.40004

Org.nr

961381096

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Skjåk kommune meiner det er riktig å gi dispensasjon til snøscootertransport av snikkarar etter § 48 i NML og er av den oppfatning at det ikkje er i strid mot vernevedtakets formål og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig (sjå grunngeving lengre ned – NML §8-12).

Vedlikehald

Vedlikehald må gjerast med heimel i plan- og bygningslova.

Vernereglane for Reinheimen NP og Ottadalen LVO er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar:

Forskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt. 1.3. a og b):

1.2. Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av eksisterande bygningar, kjørespor og andre innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding av bygningar. Vedlikehald av bygningar skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk. Eksisterande anlegg og kjørespor kan haldast ved like slik at dagens standard vert oppretthalde.

b) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i medhald av forvaltningsplanen.

Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 1.3. a og b):

1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde o.l. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen. Eksisterande anlegg kan haldast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde, dette gjeld mellom anna vatningsanlegg i området med dammar og vassvegar.

b) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i høve til forvaltningsplanen.

2) Utkøyring og planting av settefisk, gjeld i NP/LVO/LNF.

Skjåk Almenning søker om utkøyring og planting av settefisk i 6.

Vurdering

Det er 2 forhold som må vurderast. Motorferdsel og utsetting.

Skjåk Almenning har eigen plan for forvaltning av fiske i vatn og vassdrag. Utsetting skjer med bakgrunn i undersøkingar i form av prøvafiske og fangstrapporatar for dei enkelte vatn. Tiltaket er derfor godt grunna i dei konklusjonane allmenningen sjølv gjer for utsetting. Bruk av snøscooter gje ei rask og effektiv setting av fisk. Det gir mindre dødelegheit da transporten går mykje fortare enn når ein skal bære fiske i den varme årstida.

Motorferdsel

Utkøyring av settefisk er heimla i Forskrift om bruk av motorkøyrerøy i utmark og på islagte vassdrag §2d). I utgreiing om dette i rundskriv T-1/96 heiter det:

Fiskekultiveringstiltak, § 2 første ledd bokstav d

Bruk av motorkjøretøy er tillatt til nødvendig transport i forbindelse med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi. Som eksempel på fiskekultiveringstiltak kan nevnes kalking av fiskevann og utsetting av fisk. Enkelte steder er slike tiltak hyppig forekommende, og behovet for motortransport er stort. Det er imidlertid grunn til å peke på at det bare er nødvendig kjøring som er tillatt, dvs. der tiltaket ikke lar seg gjennomføre uten slik transport. Transporten bør foretas på vinterføre dersom dette medfører mindre skader og er mulig, jf. forskriftens § 3 første ledd bokstav b.

Det er et vilkår at det dreier seg om fiskekultiveringstiltak i offentlig regi. Det vil være avgjørende om tiltaket er gitt offentlig økonomisk støtte. Det har således ingen betydning om tiltaket utføres av lokale fiskeforeninger eller grunneierlag i samråd med offentlig organ. For tiltak i privat/egen regi må grunneiere ha tillatelse etter forskriftens § 6.

Skjåk Almanning må likevel søke om dispensasjon etter §6-unntaksparagrafen da dei gjer dette i privat regi. Med den store allmenntytte fritidsfiske har vil administrasjonen tilrå at det blir gjeve løyve etter §6:

§ 6. I unntakstilfelle kan kommunestyret – eller et annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

I Skjåk er vedtaksrett for § 6 delegert til utval for miljø og næring.

Verneforskriftene for Reinheimen NP og Ottadalen LVO.

På alle disse vatna har det vore fisk langt attende i tid. Bruk av motorkjøretøy til transport av settefisk er ikkje heimla. Fylkesmannen i Oppland, som hadde forvaltningsmynde for Reinheimen verneområde fram til 01.10.2007 har i ei liknande sak dagset 29.01 2007 gjeve løyve til slik transport med bakgrunn i §4 i forskriftene i baa verneområda (Reinheimen NP og Ottadalen LVO). § 4 er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Administrasjonen meiner det er riktig å gi dispensasjon til utkøyring av settefisk med snøscooter etter § 48 i NML og er av den oppfatning at det ikkje er i strid mot vernevedtakets formål og ikkje vil påvirke verneverdiane nemneverdig.

Heimel for utsetting av fisk

I verneforskriftene heiter det:

Forskrift for Ottadalen LVO:

3.1. Nye dyrearter må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.

Forskrift for Reinheimen nasjonalpark:

3.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Utsetjing av fisk frå lokale stammar der dette er gjort tidlegare.

Det er satt ut fisk i alle vatn i Skjåk. Dei omsøkte vatn innan Reinheimen NP og Ottadalen LVO er lista opp i forvaltningsplanen vedlegg 7, som vatn der det er heimel for å sette ut fisk.

Utsetting av fisk krev og løyve frå fylkeskommunen jfr. § 3 i forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen og Breheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området. Det er lagt opp til å kombinere fleire oppdrag samtidig for å redusere motorferdsla til eit minimum. Aure har vært satt ut i alle vatn i Skjåk tidlegare. Mange av bestandane er avhengige av utsettingar for å oppretthaldast.

§ 9 - føre-var prinsippet: Det er ikkje sannsynleg at tiltaka det her er søkt om vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Fjellområda i Skjåk er viktige leveområde for villrein i Ottadalen året rundt. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Eventuelle skader på natur og miljø må erstattast av tiltakshavar.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Det er ikkje kjente driftsmetodar eller teknikkar som gjer at ein kan gjennomføre tiltak på ein betre måte.

Rådmannen si innstilling:

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Skjåk Almenning følgjande løyve for 2013:

- 1) Transport av ved, gass og utstyr til buer, tur/retur av båt, transport av prøvegarnserie til naust, vedlikehald av buer, transport av arbeidsfolk (snikkar), gjeld køyring i NP/LVO/LNF.

Heimel:

Motorferdsselforskrifta § 5a.

Naturmangfaldlova § 48

Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 1.3 a og b) samt 6.3.b)

Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 1.3. a og b) samt 5.3.b)

- 2) Utkøyring og planting av settefisk, gjeld i LNF/NP/LVO område.

Heimel:

Motorferdsselforskrifta § 6.

Naturmangfaldlova § 48

Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 3.3 a

Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 3.1.

Løyve gjeld dei tiltaka og det antal turar som er lista opp i tabell 1.

Vilkår:

1. Det blir sett krav om at tiltakshavar koordinerer alle transportoppdrag på beste måte.
2. Antal turar er absolutt maksimum og der det er praktisk mogleg bør fleire oppdrag gjennomførast på same tur, sjølv om trase til ein viss grad må avvikast.

3. Turane skal foregå etter dei trasear som er skissert i detalj i søknaden, om ikkje vær og føre gjer det naudsynt å avvike frå desse.
 4. All køyring skal skje så skånsamt som råd, med tanke på natur og miljø.
 5. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
 6. SNO v/Per Olav Haugen skal varslast i forkant av køyringa til tlf: 97057213.
 7. All transport skal vere avslutta innan 22. april 2013.
 8. Det skal førast køyrebok som blir utfylt på førehand og som følgjer med under køyringa. Forvaltningstysmakta skal ha køyreboka til gjennomsyn innan 5.juni 2013.
- For dei tiltaka som er planlagt innan Breheimen NP er det naudsynt med løyve frå vernemynda for Breheimen.

Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 10.01.2013

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Skjåk Almenning følgjande løyve for 2013:

- 1) Transport av ved, gass og utstyr til buer, tur/retur av båt, transport av prøvegarnserie til naust, vedlikehald av buer, transport av arbeidsfolk (snikkar), gjeld køyring i NP/LVO/LNF.

Heimel:

Motorferdslova § 5a.
Naturmangfaldlova § 48
Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 1.3 a og b) samt 6.3.b)
Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 1.3. a og b) samt 5.3.b)

- 2) Utkøyring og planting av settefisk, gjeld i LNF/NP/LVO område.

Heimel:

Motorferdslova § 6.
Naturmangfaldlova § 48
Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 3.3 a
Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 3.1.

Løyve gjeld dei tiltaka og det antal turar som er lista opp i tabell 1.

Vilkår:

1. Det blir sett krav om at tiltakshavar koordinerer alle transportoppdrag på beste måte.
2. Antal turar er absolutt maksimum og der det er praktisk mogleg bør fleire oppdrag gjennomførast på same tur, sjølv om trase til ein viss grad må avvikast.
3. Turane skal foregå etter dei trasear som er skissert i detalj i søknaden, om ikkje vær og føre gjer det naudsynt å avvike frå desse.
4. All køyring skal skje så skånsamt som råd, med tanke på natur og miljø.
5. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
6. SNO v/Per Olav Haugen skal varslast i forkant av køyringa til tlf: 97057213.

7. All transport skal vere avslutta innan 22. april 2013.
 8. Det skal førast køyrebok som blir utfylt på førehand og som følgjer med under køyringa. Forvaltningstyresmakta skal ha køyreboka til gjennomsyn innan 5.juni 2013.
- For dei tiltaka som er planlagt innan Breheimen NP er det naudsynt med løyve frå vernemynda for Breheimen.

Samrøystes